

Stordugnad i aktivitetsløypa på skulen laurdag

01.02.2007



Lærarane Elisabeth Amundsen og Odd Steinar Arnesen legg på plass ein ferdigmontert seksjon av klatrestativet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Frå klokka 10 laurdag blir det stordugnad utomhus på skulen for då skal apparata i aktivitetsløypa monterast. Dugnads- og prosjektleiar Elisabeth Amundsen fortel til uskedalen.no at meir enn 20 allereie har meldt frå om at dei kjem på dugnaden, men ho strekar under at enda fleire gjerne kan møta fram. Det er god plass til alle!

- Vi har venta lenge på dette utstyret. Eigentleg var vi lova å få det i slutten av november slik at løypa kunne vera klår før nyttår, men slik gjekk det ikkje, seier Elisabeth.

Det er ikkje noko lite løft, for apparata kostar 140.000 kroner. 120.000 blir dekka over skulen sitt budsjett, mens elevane har lova å skaffa 20.000 kroner. Det klarar dei fint, for 15.000 er allereie passert. Sal under julegrantenninga og sal av kjeks har til dømes gjeve ei god inntekt.

Det var ein mindre dugnad også sist laurdag med holgraving og oppmåling. Torsdag var ein gjeng frå skulen i gang med montering av apparata inne i Aktivitetshuset og laurdag skal dei settast ut. Det er ingen enkel operasjon. Først må ein måla opp og laga forskaling til festene og ute på ettermiddagen kjem sementen. Men det er også andre oppgåver, som graving av tryggheitsbasseng, opphenging av boss-spann og betjening av kjøkenet der det skal kokast betasuppe til dei som gjer ein jobb.

Nokre av apparata som skal på plass er eit stort klatrestativ, balansebom, taubane, tunellar og sklie. Det skal også lagast jordhaugar.

Eldsjelane som står i spissen for dette verdfulle prosjektet voner no berre på godt ver!

Av Ola Matti Mathisen